

Referat frå Årsmøte, Reksta Ungdomslag,

Rekstakjellaren 30.01. 2021 kl. 16.00

Sak 1. Opning v/leiar Johnny Stigedal.

Sak 2. Val av ordstyrer. Forslag på Johnny Stigedal.

Vedtak: Samrøystes vald.

Sak 3. Val av referent. Forslag på Åshild Reksten.

Vedtak: Samrøystes vald.

Sak 4. Val av to til å skrive under protokoll. Forslag på Eli Reksten og Lars Erik Reksten.

Vedtak: Samrøystes vald.

Sak 5. Godkjenning av innkalling og saksliste.

Vedtak: Samrøystes godkjent

Sak 6. Årsmelding for 2020.

Leiar las årsmeldinga. Kommentar til årsmelding: Kva skjer med tomta under skulebygningen? (sjå årsmelding) Styre skal kontakte arvingane, motivere desse til å gi frå seg sin part. Sende ut skriv, evt. ringe, personlig kontakt. Det er 16 arvingar som må kontaktast. Styret har oversikt over desse.

Årsmøte støttar styre i den vidare handsaminga av saka, og tar årsmeldinga til vitande.

Sak 7. Regnskap 2020 v/ Inger Stigedal

Kasserar la fram rekneskapen for 2020 som er godkjend av revisorar.

Vedtak: Regnskapet for 2020 samrøystes godkjent.

Sak 8. Regnskap frå 2017-2018-2019. Gjennomgang v/kasserer.

Vedtak: Samrøystes godkjent.

Sak 9. Budsjett for 2021 v/kasserer.

Innspeil frå Anita Øygard: Kan vi søke Sparebankstiftelsen om tilskott? Vidare evt. søke Fjordane Friluftsråd. Her kan vi også gjere strandrydning som kan gi "pengar i kassa". Årsmøte positiv til dette. Styret handterer det. Må og søke om vederlag pga. straumbrot i november,

Vedtak: Budsjettet samrøystes godkjent.

Sak 10. Innkome saker

- Utleige av kjølerom.

Innstilling frå styret: Årsmøte tilbyr Reksta Jaktfelt å leige kjølerommet i samband med jakta på Reksta. I jaktperioden. Årsleige er sett til kr 2000,- og blir kravd inn av kasserar.

For medlemmer er det sett ei døgnleige på kr. 50,-. Langtidsleige kan avtalast med styret.

Endringar i prisar for utleige skal vere årsmøtesak. Styret handterer disse avtalane mellom årsmøta.

Vedtak: Samrøystes vedteke

- Utleige av huset

Styret tilrår kr.500,- pr. arrangement.

Det må lagast klare og praktiske reglar for bruk av lokala og reinhald

Vedtak: Samrøystes vedteke.

- Samarbeid med Johnny og Inger Stigedal ang oppsetting av Bird Box på Kletten.

Johnny orienterte om kva dette er og korleis dette vil bli for Rekstakjellaren og Reksta Ungdomslag. Det vil bli utarbeidd ein forretningsplan og budsjett/ rekneskap for samarbeidet.

Styret har handsama saka og meier det vil stimulere til aktivitet og kan bli ein attraksjon. Godt tiltak for øya og Rekstakjellaren.

Inger og Johnny var ikkje tilstades under handsaminga i årsmøte.

Vedtak: Tilrådinga frå styre samrøystes vedtatt.

- Opparbeiding av uteareal og veg.

Tilråding frå styre: Styre tilrår å opparbeide utearealet (skuleplassen og vegen inn til Markja). Vi må legge arbeidet til ei tid på året det er ungdomane er heime på øya. Må gjere avtale med grunneigar av området; Ida Reksten. Styret tar ansvar for at arbeidet blir gjennomført på ein god og forsvarleg måte.

Vedtak: Tilrådinga frå styre samrøystes vedtatt.

- Spørsmål om intensjonsavtale med Ole Reksten (hyttetomt) om tilkopling til borehol tilhøyrande Rekstakjellaren.

Tilråding frå styre: Årsmøte er positiv til førespurnad, men ønskjer ikkje å realitetshandsame spørsmålet sidan dette kan ligge fram i tid. Årsmøte på det aktuelle tidspunktet dette blir aktuelt, tar stilling til saka.

Vedtak: Tilrådinga frå styre samrøystes vedtatt.

- Orientering om søknad av offentlige midlar, universell utforming

I samband med søknaden vi har fått godkjent, er det stilt krav om universell utforming av skulen. Kravet er omfattande og det vil reise med ein stor del av dei midlane vi får. I tillegg vil det øydelegge særpreget ved skulen.

Tilråding frå styre: Årsmøte meiner vi har eit godt grunnlag for å søke om dispensasjon for kravet om universell utforming. Dette på grunn av skulen sin utforming og særpreg. Styre får fullmakt til å søke om dispensasjon.

Vedtak: Tilrådinga frå styre samrøystes vedtatt.

- Jubileumskomiteé 2022 (gjeld for heile året 2022)

Tilråding frå styre: Forslag til komité: Ingrid, Eli, Inger, Olav og Anita. Olav kallar inn til første møte. Forslag blir lagt fram for styre.

Vedtak: Tilråding frå styre samrøystes vedtatt

Sak 11. Val av styre, valnemnd og revisorar.

Det er kome inn forslag til ny vararepresentant: Ida Reksten og nytt styremedlem; Ingrid Reksten.

Nyvalt styre:

Leiar:	Johnny Stigedal, vald for to år
Nestleiar:	Olav Steimler, vald for to år (eit år i år for å kome i rute)
Sekretær:	Åshild Reksten, vald for to år (eit år i år for å kome i rute)
Kasserar:	Inger R. Stigedal, vald for to år
Styremedlem:	Ingrid Reksten, vald for eit år
Vara:	Anita Øygard, vald for eit år
Vara:	Ida N. Reksten, vald for eit år
Revisor:	Ingebjørg Reksten, vald for eit år og Eli Reksten vald for to år
Valnemnd:	Lars Erik Reksten, vald for eit år og Ingebjørg Reksten, vald for to år

Åshild Reksten

Eli Reksten

Lars Erik Reksten